



Hordabø Idrettslag

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/890 - 18/5112

Saksbehandlar:

Anne Dahle Austrheim

anne.dahle.austrheim@radoy.kommune.no

Dato:

03.04.2018

Førehandsvarsel om tildeling av prikkar

Radøy kommune har den 26.03.18 mottatt rapport frå kontroll av skjenkeløyve frå Alkoholkontrollen. Rapporten er signert av kontrollør og ansvarleg skjenkestyrar.

I rapporten kjem det fram brot på §10-3 i Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v (alkoholforskriften) 3 ledd, 1 setning. «- det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet» Ved eit slikt brot er konsekvensen at kommunen skal tildela 2 prikkar.

Det er og gjeve merknad i rapporten på at alkoholen som vart seld vart oppbevart på Bunnpris Bøvågen og frakta til skjenkestaden etter salstid i butikk.

Før vedtak om prikkar vert gjort skal kommunen senda ut førehandsvarsel, og jf. forvaltningslova §16 kan løyvehavar få høve til å uttala seg.

Me bed og om at de kjem med ei tilbakemelding på korleis de kan endra rutine for oppbevaring av drikkevarer som vert kjøpt frå butikk.

Frist for å gje uttale og evt. kommentarar er sett til 14.04.18, og kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post: postmottak@radoy.kommune.no.

Spørsmål kan rettast til Kultur- og sørvistorget v/ Anne Dahle Austrheim, tlf. 56 34 90 00.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Mottakarar:
Hordabø Idrettslag